

Årsmelding Keipen Turlag 2012

Styret har i 2012 vore samansett slik:

Leiar : Arne Loftheim
Nestleiar : Odmund Leirvik
Sekretær : Hildegard Nygård
Kasserar : Rita Svarstad Isene
Styremedlem : Kirsten Grotle
Styremedlem : Tor Erik Liset
Styremedlem : Jarle Frøyen
Varamedlem : Svenn Petter Kjerpeset
Varamedlem : Steinar Isene



Jarle Frøyen er vald som styremedlem i SFT.

KT har auka medlemsmassen frå 157 ved siste årsmøte til 161 i dag.

Møter

Vi har gjennomført årsmøte, 4 styremøte og eitt telefonmøte.
Leiar og nestleiar har hatt to møter med Svelgen Kraft AS (SFE) vedrørende Knekkevasshytta.

Hildegard Nygård og Jarle Frøyen var utsendingar på årsmøtet til SFT på Skei.
Kirsten Grotle og Steinar Isene var utsendingar på Fellesmøtet i Balestrand.
Hildegard og Arne deltok på eit møte i Kalvåg om merking og gradering av løyper.

Tavler/skilting

Vi har fått sett opp to tavler. Ei ved Sördalsvatnet og ei ved skogsvegen på Sande.
Vi jobbar også med å få betre skilting til dei to T-merka rutene til Hornelen. Her er vi i dialog med Bremanger Hamn og Næring og teknisk sjef for å få opparbeidd betre parkeringsplassar.

Kurs

Rob Deckers har i haust teke turleiarutdanning så no har KT 5 turleiarar.
Steinar Isene har delteke på førstehjelp/sikkerheitskurs i regi av DNT/SFT.

Uttaler

Naturvernsakene som KT har fått til uttale har nestleiar Oddmund Leirvik vore resurspersonen. Han har også møtt i samarbeidsmøter vedrørende Guleslettene vindmøllepark.
KT har gjeve eigne uttale vedrørende steinbrotet på Dyrstad.
KT har også uttalt seg om linjetraseen for kraftlinja frå ytre Bremanger til Svelgen.
Vi har også fått invitasjon til uttale vedrørende Brevatn kraftstasjon i Ålfoten.

KT har to Barnas Turlag.

Barnas Turlag i Indre/Svelgen

Har hatt eit aktivt år:

Dei har i år arrangert 5 turar fram til dags dato. Av desse to er 2 KomUtDag -turer.

KomUtDagen i februar arrangerte ein ilag med BT i ytre.

Turane har vore på Langesi, ved Karlskastova, Aspeneset,, Sordalsvatn og Knekkevasshytta.

Lommelyktturv/Svelgsvann. 9 vaksne og 11 barn

Kom Ut Dag saman med BT Ytre: 16 vaksne og 22 barn.

Skidag Langesi – BT i Ytre ~~og Indre~~: 16 vaksne 25 barn

Aspeneset: 13 vaksne og 19 barn

Sordalsvatnet – kano: 10 vaksne 11 barn

Barnas Turlag i indre skriv; Vi vil i 2013 fortsette med same opplegget som vi har hatt tidlegare - altså ikkje datobestemte turar - vi legg opp til turar når det passer for turleiarane med annonsering på Svelgen.no 1 veke i forkant av turen.

Turane til Barnas Turlag i ytre

Har så langt i 2012 har hatt 3 turer og måtte avlyse 2 pga ekstrem-vær.

Første turen var ein felles tur med indre på Kom- deg-ut- dagen i februar. Då hadde vi ski-dag på Langesi i Myklebustdalen.

Andre turen var til Kvidalen på Grotle i mars, dei skriv; For første gong hadde vi sol og vindstille på turen vår, og det merka vi godt på oppmøtet. 29 ungar og 19 vaksne møtte, og dei ivrigaste hadde det så kjekt at ungane ikkje ville gå heim igjen☺ . Vi hadde Leite og spørre konkurranse som engasjerte både store og små, og premien for fullført løp var pølser og pinnebrød.

Tredje turen vår måtte vi avlyse pga. snøstorm i mai!!

Fjerde turen vår var i Torvangerfjæra. Då hadde vi fjære og padling som tema og 41 ungar og 23 vaksne møtte. Vi var heldige og fekk låne Hauge skule sine kanoer, og Bremanger Sport lånte ut 2 kajaker vi kunne få prøve. Vinden var litt sterk så det krevde ganske mykje vaksen hjelp å padle, men ungane trivdes. Vi hadde og med håver og sjøkikert som dei fekk låne til å granske livet i fjæra. Dette var og første gongen vi fekk prøve den ny bål-panna vi har kjøpt inn, og den innvia vi med å steike sveler på bål. Suksess! Sveler fra 10 liter røre forsvant som dogg for sola☺

Septemberturen vår regna vekk☹

Vi har to turer til planlagt, ein no denne helga og ein advents-tur i slutten av november.

Vi er og i startgropa på prosessen med å få sett opp ein gapahuk. Vi ventar på avklaring med grunneigarane før vi kan begynne .

Det at vi er berre 3 leiarar gjer til at vi er litt sårbare dersom ein av oss ikkje kan stille, og vi kjem nok til å prøve å få med fleire i leiargruppa neste år.

I oktober i fjor oppretta vi ei felles Facebook-side med indre som vi nyttar til å minne om turar, legge ut gode artiklar og bilder fra turane våre. Det er mange som vil vere venn med oss der, og det letter arbeidet med å få gitt folk beskjed om turar ein heil del.

Merking av stiar

KT har hatt dialog med grunneigarane på strekninga Moldahytta-Gulebrystet og fått løyve til å merke strekninga. Svenn Petter Kjerpeset har i sommar merka heile ruta, 4,6 km, med blå stikker/merker.

Det har også vore utført oppfrisking/rydding på mange stiar både i indre og ytre Bremanger.

Orientering

KT har også i år hatt orientering som aktivitet. Steinar Isene har stått for det praktiske opplegget. Det var uthengt 28 påstar. 39 personar fullførte, - 34 vaksne og 5 barn.

Søndagsturar

Fellesturar

Vi har også i år hatt fellesturar med felles turleiarar både med FT og YNT.

Dette er positivt samarbeid som gjev inspirasjon for alle partar.

Nokre av turane vart i år avlyste på grunn av dårleg ver, men dei fleste gjekk som planlagt.

Vårope på Moldahytta hadde 130 personar herav 84 vaksne og 46 barn. Ny rekord!!
Vertskap Johanna, Olga Anne Karin. Nydeleg ver.

Fot/skituren til Keipen 1. mai gjekk i strålende ver.

35 personar var med. Også deltakarar frå Florø. Asbjørn Svarstad og Kjell Morten Langedal var turleiarane våre.

Arne Rebn

Smalerabben. Avlyst.

Mulen. Avlyst p.g.a. storm og regn.

Ope hus på Knekkevasshytta. Suksess! 81 personar møtte opp. 67 vaksne og 14 barn.
Vertskap: Sissel, Liv, Anne Karin og Oddmund.

Sandsegga – Hennøystranda. 31 vaksne og 1 barn. Samarbeid med Florø Turlag. 6 personar frå Florø. Turleiarar: A. Loftheim, Martin Hennøy og Signe Nordvik.

Omnen. 11 personar, - 10 vaksne og 1 barn. Ufyseleg ver, - kaldt vått og mykje vind.
Turleiarar: Steinar Isene og Arne Loftheim.

Terdalskeipen 20 vaksne og 1 barn. Turleiarar: O. Leirvik, Ottar Dahl og O. Årsnes

Vetvika frå Svarstad. Avlyst.

Klungreset-Veten. 35 vaksne og 2 barn. Samarbeid m/ FT. Turleiarar: K. Grotle, Skjølberg og S. Nordvik

Hornelen frå Hunskaar. Avlyst p.g.a. tåke

Stavevatnet. Avlyst (sjukdom)

Hjelmen. Avlyst. Dårleg ver.

Troda. 17 personar, 14 vaksne og 3 barn. Bjørg Lofnes var turleiar frå Blålida og Inge Paulsen var turleiar frå Davik. Tåke gjorde at dei som starta frå Blålida kom til Troda etter at dei frå Davik hadde starta nedturen.

Indrehus – Svartevassfjellet. 15 vaksne. Turleiarar: Sissel S. Sandvik og Jorunn Styve.

Ålfotbreen. Avlyst p.g.a. dårleg ver.

Haustope Knekkevasshytta. (Flytta frå Molda p.g.a. jakt) Samarbeid med BT Svelgen som hadde laga til Natursti for store og små.
Dårleg ver, men 46 personar var med. Vertskap: Sissel, Olga, Johanna og Oddmund.

Fjelltrim indre/Svelgen

Risevatnet 3,5 km	2626 besøk
Risevatnet Vasskaret	710 besøk
Moldahytta	2297 besøk
Martinbu Sandsegga	1362 besøk
Omvendeskaret	369 besøk
Ivervatn	452 besøk
Knekkevasshytta	503 besøk
Jakthytta Ytrehus	562 besøk
Gulebrystet	328 besøk

Til saman 9209 besøk til saman på dei 9 postane. Ein liten nedgang frå i fjor då vi hadde 9451 besøk. På fjelltrimpostane er det kvar månad trekt ut 3 vinnarar av Elkemkruset.
På årsmøtet vert det trekt ut 3 ut tre gåvekort på kr. 300 frå tre av postane i turåret.

Fjelltrim Ytre Bremanger

Fjelltrimmen for Ytre Bremanger er enno ikkje avslutta. Den vert talt opp 31.12. Det som er opptalt til no i år er 9.875 treff, så prognosen ligg an til at ein kjem opp på ein plass mellom 13. og 14.000.

Vi har fått tala frå Berle. Her er det talt opp 3.603 fordelt på dei 11 postane dei har. Her er det idrettslaget/ bygdelaget som har postane.

Kalvåg har heller ikkje talt opp enno. Dette skjer ved nyttår.

Fjelltrim Davik / Leirgulen/ Ålfoten

Leirgulen har heller ikkje talt opp enno, dette vil ein få etter kvart. Ålfoten er heller ikkje talt opp enno.

Dugnad

Også i år har mange lagt ned eit stort dugnadsarbeid.

Dei to BT laga våre jobbar godt. Dei har lagt ned mange dugnadstimar for å få dei yngste ut i naturen på spennande opplegg.

Martin H. har kledd opp att Martinbu. Papp, lekter, kledning og beis er bore opp på dugnad.

Martin har også sett opp tavlene våre ved Sordalsvatnet og på Sande. Han har også laga , og sett opp, fleire trimkassar.

Knekkevasshytta har fått to strøk maling. Det er laga til uteplatningar på to av sidene.

Her har Steinar I., Jarle F., Oddmund L. og resten av dugnadsjengen lagt ned mange timar. Mange dugnadstimar går med til rydding og merking av stiar. Alle turleiarane og vertskapet på hyttene har jobba mange dugnadstimar. Likeså dei som organiserar trimopplegga våre, -både fjelltrim og orientering. Mange timar går også med til møter og "representasjonsoppdrag" på vegne av laget. Det endelege talet dugnadstimar er ikkje klart enno, men at det vert mange også i år er sikkert.
Stor takk til alle!

Svelgen Røde Kors.

KT var med Svelgen Røde Kors som hjelparar/ turleiarar på "Til Topps" opplegget. Dette er eit nasjonalet integreringsopplegg for å få med "våre nye landsmenn" ut i naturen.

Hytter

Martinbu, dagsturhytta til KT på Sandsegga.

Hytta har i år fått ny kledning.

Martin Hennøy har gjort alt det praktiske med snikking og maling.

Alle materialane, pappen og beisen har vorte oppbåre på dugnad.

Martin har også opparbeidd ein fin grillplass rett bak hytta.

Stor takk til Martin for godt utført arbeid!

Stor takk også til alle som var med på å bere opp materialane!

Moldahytta

Hytta er eigd av STIF og drifta av KT.

Hyttesjef Oddmund Leirvik har også i år gjort mykje dugnad/vedlikehald på hytta.

Stor takk til Oddmund!

Knekkevasshytta

Hytta er eigd av Svelgen Kraft AS.

KT har skreve avtale om disponering av hytta vederlagsfritt i 10 år, - med høve til forlenging.

KT skal stå for vedlikehald, tilsyn og drift.

Eigar yter materialar og transport og held hytta forsikra.

I år har Steinar Isene og Jarle Frøyen organisert dugnad på vegne av KT.

Hytta har i år fått to strøk maling utvendig, og det er bygt to nye terassar.

Eit stort og flott dugnadsarbeid som gjer att hytta framstår i "ny drakt", - med meir praktisk uteområde for både store og små.

Stor takk til Steinar og Jarle og resten av dugnadsgjengen!

Til neste år håpar vi å få pusse opp litt innandørs.

Svelgen 12.11.2012

Arne Loftheim og Hildegard Nygård